



polifon | kunnskapsklynge
for musikkterapi

Årsmelding 2015

POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi er koordinert av Griegakademiet – Institutt for musikk, Universitetet i Bergen.

Postadr. c/o Griegakademiet, Det humanistiske fakultet, Postboks 7805, 5020 Bergen.

Besøksadr.: GAMUT, Lars Hilles gt.19, 4.etasje. E-post: polyfon@uib.no. Prosjektleder: Brynjulf Stige, tlf. 971 69 746.

Innhald

1 Generelt om POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi	4
2 Kort om POLYFON-året 2015	6
Januar-mars: Arbeidet startar opp	6
April: Christieprisen 2015 til Christian Rieber, som vel å gje prispengane vidare til POLYFON!	7
April-september: «POLYFON-nytt» etablert, formidlingsarbeidet intensivert og visuell profil på plass	7
September-desember: Utviding og konsolidering av samarbeidet	7
3 Tenesteutvikling	9
Barn og unges oppvekst.....	9
Psykisk helse vaksne	9
Rus vaksne	9
Eldre helse	9
Lindrande behandling og omsorg	10
4 Forsking	11
POLYFON sommarstipend for musikkterapistudentar	11
Nye forskingsprosjekt støtta med POLYFON såkornmidlar	11
Andre nye prosjekt knytt til praksisutvikling i POLYFON-samarbeidet	11
Planlagde prosjekt med relevans for POLYFON-samarbeidet	12
5 Utdanning.....	13
Endringar i UiBs femårige integrerte masterutdanning i musikkterapi	13
Etterutdanning i musikkterapi, rus og psykiske lidningar	13
Tverrfaglege kurs i musikkterapi, rus og psykiske lidningar	14
Etablering av to nye nasjonale, faglege nettverk med forankring i POLYFON	14
6 Formidling	15
Nordisk inspirasjons- og erfaringskonferanse om musikkterapi og ROP 4. og 5. mai	15
Musikkterapi på Festspillene 28. mai 2015	15
Konferansen "Healthy and Unhealthy Uses of Music" 10. august 2015	15
Musikk, ungdom, deltakelse». Boklansering 20. oktober	15
7 Samhandling	16
8 Retning for vidare arbeid	17
Arbeidet med dei fem arbeidsfelta	17
Retning for arbeidet med dei fem målområda	19
Vedlegg 1: Rekneskapsrapport for POLYFON pr. 31.12.15	21
Vedlegg 2: Handlingsplanar 2016 for dei fem arbeidsfelta i POLYFON	22

1 Generelt om POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi

POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi vart etablert 1. januar 2015, førebels med ei tidsramme på fem år. Sonderingar mellom partane starta hausten 2013, etter at Helsedirektoratet i juni same år gav ut ny nasjonal, fagleg retningslinje for utgreiing, behandling og oppfølging av personar med psykoselidingar. Retningslinja inneheldt ei tydeleg tilråding av musikkterapi, og 2013 representerte slik eit tidsskifte for musikkterapifeltet i Noreg. Etter at dei første autodidakte musikkterapi pionerarar byrja arbeidet sitt på 1950-talet, har hovudfokuset sidan 1980-talet vore å byggje opp solid og forskingsbasert musikkterapiutdanning på universitetsnivå, både i Oslo og i Bergen. No på 2010-talet er vi då komne til ein tredje fase i utviklinga av norsk musikkterapi, der det er grunnlag for systematisk implementering i helse-, omsorgs- og barnevernstenestene, slik at ein kan sikre gode og rettferdig fordelte tilbod til brukarane.

POLYFON har som mål å byggje Bergen og Vestlandet som eit føregangsområde for musikk-terapi, med helse-, omsorgs- og barnevernstenester som tar musikkterapi i bruk på ein systematisk og kunnskapsbasert måte, i samspel med utdanning og forskning på høgaste nivå. POLYFON tar også sikte på å bidra med kompetanseutvikling og formidling innan musikkterapi.

Deltakarar i POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi:

- Aleris Ungplan & BOI Vest
- Bergen kommune
- Fjell kommune
- Griegakademiet, Universitetet i Bergen
- Haraldsplass Diakonale Sykehus
- Helse Bergen
- NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus
- RKBV Vest – Regionalt kunnskapssenter for barn og unge (Uni Research Helse)
- Sogn og Fjordane fylkeskommune;
- Stiftelsen Bergensklinikkene
- Uni Research Helse.

Det er etablert arbeidsgrupper for fem arbeidsfelt:

- Barn og unges oppvekst
- Psykisk helse vaksne
- Rus vaksne
- Eldrehelse
- Lindrande behandling og omsorg

Brukarpanel/referansegrupper er også etablert/under etablering for nokre område, ved sidan av at POLYFON er i dialog med eksisterande brukarpanel i helse-, omsorgs- og barnevernstenestene.

Scientific Advisory Committee:

- Tia DeNora: Professor in Music Sociology, University of Exeter, Storbritannia
- Lars Lien: Leiar for Nasjonal kompetanseteneste for samtidig rusmisbruk og psykisk liding (ROP)
- Katrina McFerran: Professor of Music Therapy, University of Melbourne, Australia

- Peter Tyrer: Professor of Community Psychiatry, Imperial College, London.

Prosjektleder: Brynjulf Stige, UiB, tlf. 971 69 746

Administrativ koordinator: Liv G. Qvale (perm. andre halvdel av 2015). Olav Tveitane, UiB, tlf. 926 96 829

Leiar i styringsgruppa: Geir Lien, Helse Bergen.

Nestleiar i styringsgruppa: Eva Karin Løvaas, Stiftelsen Bergenslinikkene.

Griegakademiet, UiB, koordinerer samarbeidet. GC Rieber Fondene bidrar med vesentlege beløp til forskning.



2 Kort om POLYFON-året 2015

I det følgjande skal vi gje ei kort skisse av nokre hendingar i POLYFON-samarbeidet i 2015. Vi vel då ei kronologisk framstilling, med vekt på hendingar som har gitt arbeidet ei retning det første prosjektåret. Ei meir systematisk framstilling av hovudaktiviteten følgjer etter denne kronologiske framstillinga, der vi vil summere opp arbeidet med målområda tenesteutvikling, forskning, utdanning, formidling og samhandling.

Januar-mars: Arbeidet startar opp

Etter at GC Rieber Fondene gav betydeleg startstøtte til POLYFON i mars 2014, vart avtalar inngått med aktuelle kommunar, helseføretak og forskingsmiljø i løpet av hausten 2014, slik at ein forplikande konsortieavtale var på plass før nyttår og samarbeidet kunne starte 1. januar 2015.

Torsdag 5. mars var det Startseminar for POLYFON, med eit program som la vekt på å tematisere ulike perspektiv på kunnskap og kompetanse: praktikarperspektivet, brukarperspektivet, forskarperspektivet og leiarperspektivet. Foredragshaldarar var Lars Tuastad (Björgvin DPS/Griegakademiet, UiB), Marius Veseth (Høgskolen i Bergen), Christian Gold (Uni Research Helse), Claire Ghetti (Griegakademiet, UiB) og Eva Karin Løvaas (Stiftelsen Bergensklinikkene). Sjå omtale av [Startseminaret på GAMUT si heimeside](#). Sjå også «[På Høydens](#)» [oppslag i etterkant av Startseminaret](#).

Den 5. mars vart også styringsgruppa for POLYFON konstituert. Alle konsortiedeltakarane har ein representant i styringsgruppa. I tillegg er GC Rieber Fondene representert. Samansetjing ved konstituering var: Hege Randi Eriksen (Uni Research Helse), Toril Havik (RKBU Vest, Uni Research



Representantar for deltakarane i POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi, under startseminaret 5. mars 2015.

Helse), Geir Lien (Helse Bergen), Thomas Høiset (Aleris Ungplan & BØI Vest), Eva Karin Løvaas (Stiftelsen Bergensklinikkene), Christian Rieber (GC Rieber Fondene), Frode Thorsen (Griegakademiet, UiB) og Frode Wikne (NKS Olaviken Alderspsykiatriske sjukehus). Bergen kommune, Haraldsplass Diakonale Sykehus og Sogn og Fjordane fylkeskommune er assosierte medlemmar av POLYFON og har rett til å stille med observatørar.

April: Christieprisen 2015 til Christian Rieber, som vel å gje prispengane vidare til POLYFON!

Sidan musikkterapi vart etablert som fag ved Universitetet i Bergen i 2006 og GAMUT – Griegakademiets senter for musikkterapiforskning etablert i samarbeid med Uni Research Helse same år, har Christian Rieber og GC Rieber Fondene vore ein av dei viktigaste støttespelarane, både for oppbygging av utdanning, forskning, praksis og formidling. Christian Riebers personlege engasjement har vore heilt avgjerande i prosessen med å byggje eit solid fagmiljø i Bergen. Også andre fag ved UiB har dratt nytte av Riebers engasjement. I april 2015 markerte UiB samfunnsverdien av denne innsatsen: [Christian Rieber fekk Christieprisen i 2015](#) for sin store innsats for forskingsfeltet klima, musikkterapi og sjukeheimsmedisin. Det var glede i musikkterapimiljøet for dette, og stor vart overraskinga då det vart kjend at Rieber gav prissummen på kr. 250 000,- til GAMUT, øyremerkt til studentstipend. Etter at styringsgruppa for GAMUT fekk saka til handsaming, vart det klart at desse stipenda vert gjort tilgjengelege for studentprosjekt knytt til POLYFON-samarbeidet dei næraste åra.

April-september: «POLYFON-nytt» etablert, formidlingsarbeidet intensivert og visuell profil på plass

Bulletengen POLYFON-nytt vart etablert i april 2015, der ein tek sikte på å gje ut slike bulletengar eit par gongar per halvår i den femårige prosjektperioden, slik at alle deltakarane i samarbeidet har tilgang til og kan dele informasjon og idear. Notisar utan signatur vert utforma av prosjektleiinga, medan der også vil vere kunngjeringar, innspel og rapportar med signatur. Alle deltakarane i samarbeidet er velkomne til å bidra. POLYFON-nytt fokuserer på korte og informative tekstar, med lenkar til fylldigare informasjon på aktuell nettstad. POLYFON-nytt vert sendt ut til personar som er aktivt involvert i samarbeidet, og desse er sjølvstilt velkomne til å sende informasjonen vidare til sine kollegaer. Dei som er interesserte kan også melde seg på som mottakarar av POLYFON-nytt ved å følgje lenke frå web-versjonen av bulletengen eller frå informasjonssida om POLYFON på www.gamut.no

Perioden mai-august vart elles ein intens periode i høve til formidling og kompetanseutvikling, med ein nordisk konferanse om musikkterapi, rus og psykisk helse, samarbeid med Festspillene om musikkterapi og demens, internasjonalt seminar om musikkterapi og ungdom og etablering av eit nasjonalt nettverk innan dette feltet. I same periode vart avslutning av den første etterutdanningstilbodet i Noreg innan musikkterapi, rus og psykisk helse, sjå nedanfor.

Visuell profil for POLYFON vart etablert i september 2015. Som undertekst for den nye logoen vart formuleringa «Kunnskapsklynge for musikkterapi» brukt, i staden for den undertittelen som til då hadde vore brukt i skriftleg materiale om POLYFON, nemleg «Vestnorsk nettverk for musikkterapiforskning og praksisutvikling». Dette vart gjort dels av di ei kortare formulering er enklare å arbeide med, men først og fremst av di omgrepet *kunnskapsklynge* synleggjer kva POLYFON handlar om, nemleg samarbeid om kunnskap, i og for praksis.

September-desember: Utviding og konsolidering av samarbeidet

Frå og med møtet i styringsgruppa 1. september 2015 vart Fjell kommune innlemma i samarbeidet. Dialogen med kommunen starta våren 2015, med fokus på eit mogeleg modellforsøk der musikkterapi vert prøvd ut som ein integrert del av kommunens tenester, i eit livsløpsperspektiv og

med basis i eit tverretatleg samarbeid. Samstundes ønskjer ein å prøve ut og evaluere samhandling med spesialisthelsetenesta, universitetet og andre forskingsmiljø. Kommunen ser dette i lys av strategien HelseOmsorg21, som beskriv behovet for innovativ tenesteutvikling i primærhelsetenestene, gjennom samarbeid og forskning.

Som oppfølging av styringsgruppediskusjonen 1. september, vart fem arbeidsgrupper etablerte hausten 2015: Barn og unges oppvekst, Psykisk helse vaksne, Rus vaksne, Eldrehelse og Lindrande behandling og omsorg. Gruppene hadde sitt startmøte og første arbeidsmøte 4. november, med god stemning og gode diskusjonar. Skriftlege innspel frå gruppene vart lagt fram for styringsgruppa i november og vert utgangspunkt for arbeidet med handlingsplanar for 2016. Gruppene vil i den vidare prosessen arbeide på dei måtar dei sjølve finn tenlege, medan det vert lagt opp til ei ny fellessamlingar etter behov. Neste skriftlege innspel frå gruppene kjem på engelsk 1. mars, og vert sendt vidare til Scientific Advisory Committee som grunnlag for delar av diskusjonen med denne komiteen i april 2016.

Med utgangspunkt i GC Rieber Fondene si gåve til POLYFON på kr. 3 000 000,- har Universitetet i Bergen søkt Norges forskingsråd om kr. 750 000,- i gåveforsterkingsmidlar, i tråd med gjeldande ordning. Gåveforsterkinga kom på plass i november 2015.

Noko av det viktigaste dette første prosjektåret har vore å byggje ein plattform for framtidig arbeid, men konsortiet kan også vise til konkrete resultat allereie: nye musikkterapistillingar er etablerte, nye forskingsprosjekt er i gang, nye kurs- og etterutdanningstilbod er på plass og formidlingsarbeidet er intensivert. Vi gjev eit oversyn over dette i dei avsnitt som følgjer. Det skal presiserast at dei ulike deltakarane i konsortiet allereie før POLYFON vart etablert arbeidde med å utvikle musikkterapi som fag og/eller tenestetilbod. Det går difor ikkje ei absolutt grense mellom kva som er POLYFON-aktivitet og kva som ikkje er det, men vi vil fokusere på hendingar som klart er initierte eller fasiliterte i og av POLYFON-samarbeidet og prøve å få fram eksempel på den meirverdien som samarbeidet kan gje.

3 Tenesteutvikling

Barn og unges oppvekst

- Aleris Vest driv primært med barnevern og har 2,5 stillingar for musikkterapeut. Det vert ytt tenester innanfor barnevern, både til familiar og institusjonar og til hjelpetenester i heimen. I tillegg vert det ytt tenester til ungdomstrinnet ved fleire ungdomsskular i Bergen. Denne delen av Aleris sine musikkterapitenester er i særleg grad utvikla i 2015.
- Innanfor PBU på Haukeland universitetssjukehus har det vore ein musikkterapiressurs på deltid i nokre år, med finansiell støtte frå GC Rieber Fondene. Klinikken tok over ansvaret for stillinga i 2015 og gjorde henne til ei heil, fast stilling. Vidare utviding vert vurdert. Aktiviteten er primært knytt til PBU sine kjerneområde innanfor spesialisthelsetenesta.
- Dei kommunale deltakarane i konsortiet, Bergen kommune og Fjell kommune, har førebels ikkje musikkterapistillingar retta mot barn og unge innan helse- og sosialtenestene. Begge kommunar har musikkterapistillingar knytt til skule/oppvekst og kultur, noko som kan verte ein ressurs i framtidig tverrfagleg og heilskapleg arbeid for barn og unges oppvekst i desse kommunane.
- Barneklubben på Haukeland universitetssjukehus har i 2015 samarbeidd med GAMUT/POLYFON om utarbeiding av skisse for prosjektet «SAMSPILL: Musikkterapi i klinikk og forskning». Prosjektet startar i januar 2016 og er delfinansiert av GC Rieber Fondene, førebels for ein periode på 1 år, men med intensjon om forlenging i ytterlegare 2 år, då som basis for evaluering av eventuell etablering av permanent musikkterapistilling ved klinikken.

Psykisk helse vaksne

- Bjørgvin DPS har hatt musikkterapeut sidan 2000, lenge som den einaste klinikken i Helse Bergen sitt opptaksområde. I løpet av 2015 tilsette Bjørgvin DPS ein ny musikkterapeut, slik at det ved utgangen av året er 1,4 musikkterapistillingar ved dette psykiatrisenteret.
- Bjørgvin DPS initierte i 2015 prosjektet MOT82, med fokus på oppfølging og samarbeid med kommunale tenester. Dette prosjektet har fått støtte frå Helse Vest. Førebels er ein musikkterapeut i 50 % stilling knytt til MOT82.
- I løpet av 2015 fekk også Kronstad DPS på plass ei musikkterapistilling.

Rus vaksne

- Hjelpestadklinikken er førebels åleine i regionen om å tilby musikkterapitenester i tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TBS). Klinikken etablerte 3 musikkterapistillingar i 2014, og arbeidet i 2015 handla i stor grad om kvalitetsutvikling og integrasjon av desse tenestene i klinikkens arbeid.
- Musikkterapi i kommunale rustenester finst førebels ikkje i regionen, men Fjell kommune arbeider for å integrere dette i det nye MO-senteret som dei er i ferd med å byggje opp.

Eldre helse

- Bergen kommune, Fjell kommune og har alle etablert musikkterapistillingar, høvesvis 2, 1 og 2 stillingar. I tillegg er det nokre musikkterapistillingar ved private/ideelle sjukeheimar i regionen, der det m.a. kom ei ny musikkterapistilling ved Domkirkehjemmet i 2015. Desse siste stillingane er per dags dato ikkje innlemma i POLYFON-samarbeidet.

- Blant konsortiedeltakarane var det ingen nyetableringar av musikkterapistillingar innan eldrehelse i 2015, men både Bergen kommune, Fjell kommune og NKS Olaviken Alderspsykiatriske Sjukehus arbeider med å utvikle kvalitet i og integrasjon av musikkterapitenestene i tenestetilbodet sitt.

Lindrande behandling og omsorg

- Lindrande behandling og omsorg inngår i delar av musikkterapitenestene innan eldreomsorga.
- Haraldsplass Diakonale Sykehus er førebels den einaste institusjonen med ein musikkterapiressurs spesialisert inn mot dette feltet. Denne ressursen er avgrensa til 20 % prosjektstilling finansiert av GC Rieber Fondene og etablert i fagleg samarbeid med Griegakademiet, UiB. Fokus i 2015 låg på utvikling og kvalitetssikring innan denne nye stillingsressursen.

4 Forsking

Her følgjer eit oversyn over små og store prosjekt som har fått såkornmidlar frå POLYFON i 2015, eller som på andre måtar er knytt til POLYFON-samarbeidet (for oversyn over publisering og annan forskning i GAMUT, sjå årsmeldingar på www.gamut.no):

POLYFON sommarstipend for musikkterapistudentar

- Jørgen Aasen Berget: «A systematic review of how music therapists approach and handle children's restlessness in pedagogical settings». *Rettleiar*: Anna Helle-Valle ved Griegakademiet, UiB.
- Synne Rotvold Røli og Kjetil Andreas Nydal: «Vurdering av relasjonen mellom musikkterapeut og klient ved bruk av måleinstrumentet 'IMT principles'». *Rettleiarar*: Christian Gold og Monika Geretsegger ved GAMUT, Uni Research Helse.

Nye forskingsprosjekt støtta med POLYFON såkornmidlar

- Claire Ghetti, GAMUT, UiB: «Music therapy for substance abuse: Development of a protocol for Cochrane systematic review». Protokollen er under klargjering for registrering i Cochrane-databasen.
- Claire Ghetti, GAMUT, UiB: «Music therapy for premature infants and their parents/caregivers: Implementation of systematic review and meta-analysis». Såkornmidlane finansierte første delen av arbeidet med den systematiske litteraturgjennomgangen. Sjølve metaanalysen er snart gjennomført og ein forskingsartikkel vil vere klar for innsending og fagfellevurdering i løpet av første halvår av 2016.
- Viggo Krüger og kollegaer ved Aleris Ungplan & BOI: Utarbeiding av ei kunnskapsbeskriving for feltet musikkterapi og barnevern. Prosjektet vart avslutta hausten 2015 og ei [oppsummering er lagt ut på GAMUT si nettside](#).
- Wolfgang Schmid, Jan Henrik Rosland og kollegaer ved Haraldsplass Diakonale Sykehus: «Kunnskapsoppsummering om musikkterapi i palliativ omsorg – en fokusert litteraturgjennomgang». Forskargruppa arbeider for tida med «screening» av litteraturen, med tanke på vurdering av kva artiklar som skal inkluderast.
- Minna Hynninen, Frode Wikne og kollegaer ved Olaviken alderspsykiatriske sykehus: «Musikkterapi til behandling av angst og depresjon hos personer med kognitiv svikt / mild demens. Prosess, utfall og overføring av musikkterapi fra alderspsykiatrisk sykehus til kommunehelsetjeneste». Prosjektet er i ein utviklingsfase og vil involvere samarbeid både med GAMUT og med Det psykologiske fakultet ved UiB.
- Randi Rolvsjord, GAMUT, UiB: «Implementering av musikkterapi som del av et recovery-orientert behandlingstilbud for mennesker med psykoselidelser». Prosjektet er i ein startsfase og vert etablert som eit samarbeid mellom GAMUT og Kronstad DPS, Helse Bergen.

Andre nye prosjekt knytt til praksisutvikling i POLYFON-samarbeidet

Ei rekkje prosjekt ved GAMUT vil vere av relevans for POLYFON. Her tar vi med fire eksempel knytt til praksisutvikling innanfor POLYFON-samarbeidet:

- Claire Ghetti og Brynjulf Stige, GAMUT, UiB: «Perspektiver på implementering av musikkterapi i tverrfaglig spesialisert rusbehandling». Prosjektet vert gjennomført i samarbeid med Stiftelsen Bergensklinikkene. Periode: 2015-2016.
Finansiering: UiB.
- Jill Halstead og Randi Rolvsjord, GAMUT, UiB: «Musikk - bevegelse - helse: et pilotprosjekt». Prosjektet vil m.a. vere relevant for utvikling av musikkterapeutisk praksis innan det planlagde

Energisenter for barn og unge ved Haukeland universitetssjukehus og ved andre aktuelle samarbeidspartar, som Barnas Fysioterapisenter. Periode: 2015-2016.

Finansiering: UiB.

- Viggo Krüger, Aleris Ungplan: «Mot et selvstendig liv i fellesskap», musikkterapi innen ettervern i barnevernet. Prosjektet vert gjennomført i samarbeid med forskarar ved UiB og ved Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet. Periode: 2014-2019.

Finansiering: Aleris Ungplan Region Vest.

- Lars Tuastad, GAMUT, UiB: «MOT 82 – MusikkOppfølgingsTilbod for menneske med psykisk lidning». Prosjektet er både planlagt som eit tenesteutviklingsprosjekt og som eit kvalitativt forskingsprosjekt. Periode for forskingsprosjektet: 2015-2018.

Finansiering: UiB.

Planlagde prosjekt med relevans for POLYFON-samarbeidet

Nye prosjekt knytt til POLYFON-samarbeidet vil starte opp i 2016, m.a. eit PhD-prosjekt (finansiert av UiB) om musikkterapi på sjuke-hus for born i psykisk helsevern. I tillegg har to av dei søknadene som GAMUT har sendt til NFR i løpet 2015 klar relevans for POLYFON-samarbeidet:

- Brynjulf Stige (GAMUT, UiB) har sendt inn søknaden «Music Therapy and Healthcare Innovation through Collaborative Governance (MUSING): A mixed-method study in care services for older adults». Partnerskap med HiB (Senter for omsorgsforskning Vest), Uni Research Helse, Uni Research Rokkansenteret og 6 ulike kommunar i regionen. Periode dersom tilslag: 2016-2019.
- Christian Gold (GAMUT, Uni Research) har sendt inn SFF-søknaden «Centre for the Development and Evaluation of Complex Interventions in Mental Health (DECIMH)», i samarbeid med Det psykologiske fakultet og Det humanistiske fakultet ved Universitetet i Bergen og med Uni Research Computing. Søknaden inneheld delprosjekt på mange av POLYFONs aktuelle praksisområde. Periode dersom tilslag: 2017-2026.



Rørsle og musikk er tett vovne saman, i all musisering (illustrasjonsfoto).

5 Utdanning

Endringar i UiBs femårige integrerte masterutdanning i musikkterapi

Dei fem arbeidsgruppene har allereie gitt fleire innspel til UiBs femårige integrerte masterutdanning i musikkterapi, m.a. om behov for styrking av musikk- og musikkteknologierna i studiet og behov for styrking av rusutdanningskomponenten i studiet. Fagmiljøet arbeider med revisjonar i studie-planen, både med tanke på opptaket i 2016 og i 2017, og denne type innspel vil då verte vurderte grundig.

Etterutdanning i musikkterapi, rus og psykiske lidningar

GAMUT fekk i 2015 tilskot frå Helsedirektoratet til etterutdanning innan feltet musikkterapi, rus og psykisk helse. Dermed kunne vi innanfor ramme av POLYFON utvikle vidare det arbeidet som vart initiert i 2014 med å utvikle slike tilbod. Våren 2015 vart då det første etterutdanningstilbodet for musikkterapeutar i Noreg gjennomført, med 27 studentar frå heile landet, som deltok på to samlingar (til saman 5 undervisningsdagar og dessutan 2 seminargrupper mellom samlingane. Det var stor interesse for tilbodet, og venteliste, slik at ein tar sikte på å tilby denne etterutdanninga igjen våren 2016. GAMUT vil då forlenge musikkterapeut/førsteamanuensis Hans Petter Solli si deltidsstilling for koordinering av dette arbeidet. Det gode [samarbeidet med RKBU Vest i Uni Research Helse vil også bli vidareført.](#)

25. november 2015 vart det dessutan gjennomført ein etterutdanningsdag for musikkterapeutar del 2 med fokus på samtalen i musikkterapi innan psykisk helsevern, TSB og kommunale tenester. Seminaret inneheldt også ein workshop med lyttegrupper og andre aktivitetar.



Frå den første samlinga på etterutdanninga i Musikkterapi, rus og psykiske lidningar, mars 2015

Tverrfaglege kurs i musikkterapi, rus og psykiske lidingar

Helsedirektoratet har også gjeve ei løyving som gjer det mogeleg for GAMUT å tilby informasjonskurs om musikkterapi, i samarbeid med RKBV Vest. Kommunar, TSB og psykisk helsevern i heile landet kan tinge kurs. I 2015 har vi hatt særleg fokus på å prøve ut kursa i Oslo- og Bergensområdet. Kursa (1-3 timar etter avtale) har m.a. fokus på evidensgrunnlag og brukarerfaringar, implementering av musikkterapi, og musikk som helseressurs i pasientar/brukarar sin kvardag. [Kursbrosjyre kan du laste ned her.](#)

Etablering av to nye nasjonale, faglege nettverk med forankring i POLYFON

Viggo Krüger (Aleris / GAMUT) tok i 2015 initiativ til eit nasjonalt nettverk for musikkterapeutar som arbeider med og forskar på ungdom. 11. august vart nettverket etablert, i forlenginga av det internasjonale seminaret «Healthy and Unhealthy Uses of Music» som POLYFON og Aleris Ungplan & BOI Vest arrangerte den 10. august (sjå nedanfor). Nettverket vil stimulere praksisutvikling og vil samarbeide med POLYFON om aktuelle oppgåver som formidling, fagutvikling og forskning. [Nettverket si internettside er knytt til GAMUT og POLYFON sine nettsider.](#)

Viggo Krüger har i kraft av stillinga si ved Griegakademiet [også tatt initiativ til etablering av eit nasjonalt kompetansenettverk for utvikling av musikkterapi i barnevernet](#). Nettverket vert etablert etter modell av eit tilsvarande nettverk (initiert av KoRus Øst i 2010) på rusfeltet.

6 Formidling

Formidling er ein viktig del av POLYFON sitt arbeid, og det har i løpet av 2015 vore fleire oppslag om musikkterapi i regionale og nasjonale media. Fleire av desse spring ut av POLYFON-samarbeidet. Her tar vi med ei kort beskriving av fire seminar arrangert eller medarrangert av GAMUT og POLYFON i 2015:

Nordisk inspirasjons- og erfaringskonferanse om musikkterapi og ROP 4. og 5. mai

Det er stort behov for å dele erfaringar innan musikkterapi, rus og psykiske lidingar. Dette var noko av bakgrunnen for at Stiftelsen Bergensklinikkene og GAMUT gjekk saman om å arrangere denne nordiske inspirasjons- og erfaringskonferansen. På programmet sto nokre av dei fremste forskarane og praktikarane på feltet i nordisk samanheng. Opningsføredraget var ved seniorrådgjevar Britteline Bakstad i Helsedirektoratet. Ho fokuserte på implementering av tilrådingane av musikkterapi i psykose- og rusretningslinjene. Det var 140 deltakarar på konferansen. For meir informasjon, sjå [oppslaget i På Høyden](#).

Musikkterapi på Festspillene 28. mai 2015

Korleis kan musikk vere med på å skape kommunikasjon med menneske med demens? Dette var tema når Festspillene i Bergen med støtte frå GC Rieber Fondene og i fagleg samarbeid med GAMUT inviterte til fagseminar, konsert, film og samtalar. Fagseminaret «Innovative Practices in Dementia Care» hadde førelesarar frå Bergen, Liverpool, Wien og Aalborg, medan det opne ettermiddagsseminaret «Musikken mellom oss» hadde norsk premiere på kortfilmen «I Can't Find Myself» av Beatrice Allegranti (University of Roehampton) og Jill Halstead (UiB) og dessutan samtale med Helene Sandvig (NRK) og musikkterapeutane Kathrine Dahle (Bergen kommune) og Hanne Mette Ridder (Aalborg Universitet). I mellomtida hadde mange fått med seg den store gratiskonserten «Minnenes sangbok» i Grieghallen, med m.a. Herborg Kråkevik, strykekvartett og jentekor. Musikkterapistudentar frå Griegakademiet og musikkterapeut Solgunn Knardal ved Olaviken Alderspsykiatriske Sykehus hadde vore inne som rådgjevarar i høve til m.a. songutval og produksjon. Frankfurter Allgemeine Zeitung skreiv i sin kommentar den 6. juni: «Und plötzlich singt der ganze Saal. Musik hat eine soziale Aufgabe. Die Festspiele im norwegischen Bergen verbinden Hochkultur mit Bürgerbeteiligung und vernetzen sich nebenbei international.» For meir informasjon, [sjå omtale av programmet på GAMUT si nettside](#).

Konferansen "Healthy and Unhealthy Uses of Music" 10. august 2015

I forkant av etablering av «Nettverket ungdom og musikkterapi» (sjå over) arrangerte POLYFON og Aleris Ungplan & BOI Vest seminaret «Healthy and Unhealthy Uses of Music» den 10. august, med fokus på både forskning og praksiserfaringar. Seminaret – som vart arrangert med økonomisk støtte frå Helsedirektoratet – samla både studentar og fagfolk innan ulike fag og profesjonar. Viggo Krüger (Aleris / GAMUT), Merethe Roaldsnes (Norges musikkhøgskole) og Monika Overå (Akershus universitetssjukehus) la fram norsk forskning og praksis, og vart supplerte med ei sterk rekkje av internasjonale førelesarar innan musikkterapi og musikkpsykologi, frå Australia, Finland, Italia, Storbritannia og Tyskland. [Sjå nærare omtale av seminaret](#).

Musikk, ungdom, deltakelse». Boklansering 20. oktober

Viggo Krüger og Astrid Strandbu gav i 2015 ut bok på Universitetsforlaget, om musikk i førebyggjande arbeid med ungdom. Krüger er musikkterapeut/forskar ved Aleris og førsteamanuensis ved Griegakademiet, medan Strandbu er førsteamanuensis ved Universitetet i Tromsø, knytt til RKBU Nord. [Boka vart lansert på Litteraturhuset 20. oktober](#).

7 Samhandling

Samhandling er ein grunnidé i POLYFON, der vi her kort vil summere opp arbeidet i 2015:

Samhandling innan tenestene: Mange av dei prosjekta og tiltaka som er skisserte over, har samhandling som ein sentral dimensjon. Eit døme er MOT82, som fokuserer på samhandling mellom psykisk helsevern og kommunale tenester. Fjell kommune har i 2015 førebudd ein ambisiøs planprosess for korleis eit komplett kommunalt musikkterapitilbod kan utviklast, med samhandling mellom etatar i kommunen og mellom kommunen og spesialisthelsetenesta.

Samhandling med brukarar: Brukarmedverknad er viktig verdi i musikk-terapeutisk praksis og forskning. POLYFON må gje rom for dette, t.d. ved at brukarpanel eller referansegrupper vert etablerte i tilknytning til dei aktuelle arbeidsgruppene i POLYFON, og/eller ved at POLYFON er i dialog med eksisterande brukarpanel i helse-, omsorgs- og barnevernstenestene. Arbeidsgruppa for tenesteutvikling i rusfeltet har t.d. etablert ei referansegruppe med brukarrepresentantar frå MO Wergeland, frå Kalfarhuset og frå bandet Gatens Evangelium.

Samhandling mellom konsortiedeltakarane: Kunnskapsklynga byggjer på den premissen at dei ulike deltakarane har ønskje om og behov for å samhandle. Innan t.d. forskning, vil det vere slik at dei ulike miljøa har ulike ressursar og kompetansar og saman kan styrkje feltet på ein heilt annan måte enn det ein kan kvar for seg (sjå diskusjonen av dei ulike målområda i kapittel 8). Også innan formidlingsaktivitet er samhandling avgjerande, der den nordiske konferansen i mai 2015 – arrangert av Stiftelsen Bergensklinikkene og GAMUT i samarbeid – kan vere eitt døme.

Samhandling med nasjonale organisasjonar og myndigheiter: Nasjonal samhandling er i 2015 initiert m.a. ved etablering av dei nasjonale nettverka innan musikkterapi for ungdom og musikkterapi i barnevernet. GAMUT og Griegakademiet deltar dessutan i eit nasjonalt firepartssamarbeid om strategi for utvikling av musikkterapifeltet, saman med Norges musikkhøgskole, Musikernes fellesorganisasjon og Norsk foreining for musikkterapi. Myndighetskontakt er tatt i vare gjennom kontakt med direktorat, departement og politikarar. Ein viktig kontekst for POLYFON-samarbeidet er nettopp at det er nasjonale politiske signal som peikar på musikkterapi som eit framtidretta fagområde. I «Innstilling fra kirke-, utdannings- og forskningskomiteen om langtidsplan for forskning og høyere utdanning 2015–2024» uttalar heile komiteen at «Norge bør sette seg høye mål, ikke bare for de etablerte disipliner og profesjoner innen helsevesenet, men også artikulere en ambisjon om kunnskapsbasert innovasjon i utvikling av nye relevante tilbud og tjenester, slik som velferdsteknologi og musikkterapi». Det politiske ansvaret for å integrere musikkterapi i helsetenestene var tema i interpellasjons-debatten på Stortinget 4. juni 2015. Det tverrpolitiske engasjementet for feltet er verdt å merke seg, [sjå nettsidene til Fagrådet – Rusfeltets hovedorganisasjon](#) eller [Stortinget si utskrift av debatten](#).

Samhandling med nasjonale og internasjonale forskingsmiljø: POLYFON er ei lokalt forankra kunnskapsklynge, noko som er eit godt grunnlag for nasjonalt og internasjonalt forskingssamarbeid. Fleire av prosjekta som er presenterte i kapittel 4 er utvikla i tett dialog med internasjonale forskarar. POLYFON kan her dra veksjar på det sterke internasjonale forskingsnettverket som GAMUT har utvikla over tid.

8 Retning for vidare arbeid

Målet for POLYFON er, som skissert i punkt 1, å byggje Bergen og Vestlandet som eit føregangsområde for musikkterapi, med helse-, omsorgs- og barnevernstenester som tar musikkterapi i bruk på ein systematisk og kunnskapsbasert måte, i samspel med utdanning og forskning på høgaste nivå, der kompetanseutvikling og formidling også inngår.

I det følgjande vil vi kort skissere retning for det vidare arbeidet for perioden 2016-2019, der vi først fokuserer på dei fem arbeidsfelta og deretter på dei fem målområda for kunnskapsklynga. Når vi då spesifiserer konkrete mål knytt t.d. til utvikling av tenestetilbod eller utdanningstilbod, inneber det sjølvstykke ikkje at POLYFONs styringsgruppe har ansvar for eller direkte påverknad på dei aktuelle konsortiedeltakarane sine bemanningsplanar og måltal. Vi finn det likevel relevant å vere konkret. Dei ulike konsortiedeltakarane vil kunne arbeide med aktuelle delmål, og samhandlinga i kunnskapsklynga aukar sjansane for ei heilskapleg utvikling som kan realisere ambisjonen om å verte eit føregangsområde for musikkterapi. Å etablere eit føregangsområde er sjølvstykke ikkje eit mål i seg sjølv, men det kjem tenestebrukarane i regionen til gode og det vil byggje konsortiedeltakarane fagleg, også ved at ein etablerer føresetnader for eksterntfinansierte prosjekt. Vidare vil det ha verdi for nasjonal implementering av musikkterapi, av di andre regionar får erfaringar og modellar å byggje på.

Det som vert summert opp nedanfor byggjer m.a. på innspel frå arbeidsgruppene i POLYFON. Arbeidsgruppene og fagmiljøa har ståande invitasjon til å diskutere og kommentere desse beskrivingane av retning for vidare arbeid. Årleg revidering av beskrivingane, basert på resultat, erfaringar og innspel, vil kunne verte ein reiskap for å dokumentere utviklinga over tid i kunnskapsklyngas arbeid.

Arbeidet med dei fem arbeidsfelta

Dei fem arbeidsfelta i POLYFON er til dels svært ulike når det gjeld kunnskapsstatus, føringar og retningslinjer, erfaringsgrunnlag og utfordringar, og vi vil i det følgjande gje ei grov skisse av dette:

Barn og unges oppvekst: Det finst evidens innan psykisk helse som legitimerer ei satsing på musikkterapi og barn og unges oppvekst. Vidare er det eit solid erfaringsgrunnlag, men noko mindre forskning, innan musikkterapi, barnehage og skule. Dessutan samsvarer Barnekonvensjonens føringar om å leggje vekt på barns rett til deltaking svært godt med mykje av den samfunnsmusikkterapeutiske praksisen som er utvikla t.d. innan Aleris Ungplan. Dette er relevant å prøve ut innan kommunalt barnevern. Dette er difor dels eit arbeidsfelt der det er behov for å prøve ut og evaluere nye praksisformer, dels eit felt der det er behov for implementering og evaluering av eksisterande praksisformer. Med tanke på forskning, gjennomfører POLYFON-deltakarane innan dette arbeidsfeltet alt frå eksplorerande, kvalitative studiar til store internasjonale RCTar. Det vil vere behov for tilsvarande breidde også i åra framover. Ingen spesifikke initiativ innan utdanning for dette arbeidsfeltet er tatt så langt, og det kan kanskje vente til erfaringsgrunnlaget er meir solid. Behovet for å styrkje forskning, formidling og samhandling på arbeidsfeltet er stort.

Psykisk helse vaksne: Dette er det arbeidsfeltet i POLYFON der nasjonale føringar i form av tilråding i fagleg retningslinje frå Helsedirektoratet er sterkast. Implementering av gjeldande retningslinje for behandling av personar med psykoselidingar er difor ei stor utfordring her, både innan psykisk helsevern og kommunalt psykisk helsearbeid. Dette inneber at det er behov for eit

langt høgare tal musikkterapistillingar i regionen enn det som er etablert i dag. Arbeidsgruppa for feltet antyder at det er behov for 8 musikkterapistillingar berre for DPSane i Helse Bergen. Tilsvarande vil det vere eit behov for stillingar i kommunal sektor. I tillegg kjem då stillingsbehov knytt til Sandviken. Når det gjeld behov for forskning, så peikar implementeringsforskning seg ut innan dette arbeidsfeltet. Det er internasjonalt ein god del forskning både på teori, brukarperspektiv og effekt når det gjeld musikkterapi og psykisk helse, men det er liten erfaring med og forskning på implementering i norsk kontekst. Stort behov for informasjon og formidling til tenestene. Stort behov også for styrkt samhandling, både innan tenestene, mellom deltakarane i POLYFON og mellom fagmiljøet i musikkterapi og aktuelle brukarorganisasjonar.

Rus vaksne: Ei tilråding av at musikkterapi blir gitt som tilbod til pasientar som ønskjer det, er venta i ny nasjonal, fagleg retningslinje som vert lansert 2. mars 2016. Dette er då ei svakere tilråding av musikkterapi enn tilrådinga i psykoseretningslinja. Gitt at brukarmedverknad er ein sterk verdi i den nye retningslinja og gitt at internasjonal forskning og erfaring tilseier at mange pasientar med rusproblem ønskjer musikkterapi, er det likevel grunnlag for å tru at denne retningslinja vil skape eit stort behov for musikkterapeutisk tenesteutvikling i rusfeltet. Dette kan vere aktuelt å sjå i relasjon til regjeringas opptrappingsplan for feltet. POLYFONs arbeidsgruppe for rusfeltet antyder at det er behov for 10-15 musikkterapistillingar i Bergensregionen, men presiserer at erfaringsgrunnlaget førebels er spinkelt. Her er det også stort behov for utprøving og evaluering av organisering og utforming av musikkterapitenester på ein behandlingssklinik, slik Hjeltestadklinikken er i gang med. Det komande Cochrane-reviewet vil få stor verdi for vurdering av kva typar effektforskning feltet treng, medan det allereie er klart at det er behov for kvalitative studiar som tar utgangspunkt i norske forhold, t.d. i høve til brukarerfaringar. Svært stort behov for formidling både til samfunnet og til tenestene. Samhandling kan styrkjast, og behovet for utvikling av og forskning på modellar for oppfølging og kompetanseoverføring etter avslutta behandling i TSB ser også ut til å vere stort.

Eldre helse: Internasjonalt finst det tilrådingar av musikkterapi m.a. i dei britiske NICE-retningslinjene for demensbehandling. Nye retningslinjer for demensomsorg er på trappene i Noreg. Gitt at det er 70 000 menneske med demens i Noreg i dag, og at talet er venta å doble seg i løpet av ei par tiår, er det eit svært stort behov for tenesteutvikling på feltet. Dette må samstundes relaterast til kunnskapsgrunnlag og behov for samhandling (sjå nedanfor). Gode modellar for ein kommune som ikkje har høve til å etablere musikkterapistillingar ved kvar sjukeheim, ville vere svært relevante å utvikle. Tilsvarande er det eit klart behov for å utvikle relevante musikkterapitenester i høve til heimebuande eldre med demens og andre alvorlege helseutfordringar. Musikkterapi og eldre helse er elles eit arbeidsfelt som er i ein mellomposisjon når det gjeld kunnskapsgrunnlag, så her er det dels behov for fleire stringente undersøkingar av effekt og helseøkonomi, dels for meir kontekstuelle orienterte undersøkingar som kan utforske prosessar og aktørperspektiv. Behov for å styrkje feltet i masterutdanninga på UiB og ikkje minst for å utvikle solide etter- og vidareutdanningstilbod. Stort behov også for formidling, då det er mange misforståingar i samfunnet om kva musikkterapi er/ikkje er innan eldreomsorg og eldre helse. Tilsvarande stort behov for å utvikle modellar for samhandling med og kompetanseoverføring til anna personale, t.d. sjukepearar.

Lindrands behandling og omsorg: Dette er det minst etablerte feltet av dei fem i Bergens- og Vestlandsregionen, men internasjonalt er det ein del forskning på og erfaring med bruk av musikkterapi innan lindrande behandling og omsorg, både med tanke på smertelindring, meistring av pustevanskar, og oppleving av mening/livskvalitet ved avslutning av livet. Det er truleg for tidleg å setje klare mål for omfang og organisering av musikkterapitenester innan dette arbeidsfeltet, men det er viktig å få gjort grundige erfaringar med bruk og integrasjon av

musikkterapitenester innan ein klinikk, slik Haraldsplass Diakonale Sjukehus arbeider med. Når det gjeld forskning, så er det behov for ei kunnskapsoppsummering og deretter for å byggje opp feltet gjennom eit breitt spekter av studiar av alt frå aktørperspektiv til effekt. Først for tidleg å utvikle etter- eller vidareutdannings-behov, men relevant å styrkje feltet i UiBs masterutdanning og relevant også å intensivere formidling og informasjonsarbeid. Regional samhandling innan arbeidsfeltet kan styrkje arbeidet med å byggje det opp.

Retning for arbeidet med dei fem målområda

Tenesteutvikling: Retning for arbeid med tenesteutvikling kan summerast opp med stikkorda kvantitet, kvalitet og identitet, stikkord som også indikerer relevansen av å sjå dei ulike målområda i samanheng i det vidare utviklingsarbeidet:

- **Kvantitet:** For somme arbeidsfelt er det behov for å prøve ut musikkterapi som ei innovativ tilnærming, medan andre felt har både forskning og nasjonale, faglege retningslinjer som tilseier systematisk implementering i tenestene. For alle felt er det behov for meir systematikk i høve til integrasjon av musikkterapi i aktuelle planprosessar. Samla sett skapar dette ein situasjon der UiB kontinuerleg må vurdere om utdanningskapasiteten samsvarar med behova i tenestene.
- **Kvalitet:** Gode og relevante musikkterapitenester kan m.a. sikrast gjennom organisering og rammevilkår for tverrfagleg samarbeid, solide grunnutdannings-, etterutdannings- og rettleiingstilbod, og prosedyrar for brukartilbakemelding, dokumentasjon og kvalitetsutvikling.
- **Identitet:** Norsk musikkterapi er utvikla med vekt på relasjons-, ressurs- og samfunnsorientert praksis, med brukarmedverknad og deltaking som sentrale verdiar. Denne profilen, og ikkje berre dokumentasjon av behandlingseffekt, bidrar til musikkterapiens relevans innan tenestene. Samstundes vil integrasjon av musikkterapi i tenestene kunne føre til justeringar i identitet, der musikkterapeutane meir ein tidlegare vil arbeide innan tenestene sine rammer og forventningar, t.d. knytt til funksjonar som (delegert) pasient- eller behandlingsansvar. Det vert då viktig å halde oppe ein refleksjon og diskusjon om kva som er viktig å ta vare på i musikkterapeutane sin identitet, og kva som kan og må justerast.

Forskning: UiB kan ikkje åleine byggje opp tilstrekkeleg breidde i den forskinga som er nødvendig for å kvalitetssikre vidare utvikling av musikkterapifeltet. Det er difor relevant å tenkje klynge-samarbeid der dei ulike aktørane utfyller kvarandre. Bruk av bistillingar ved UiB som reiskap for fagleg utvikling i helseføretak og kommunar, slik det vert gjort innan fag som psykologi og medisin, vil styrkje dette samarbeidet. Ei viss rollefordeling mellom UiB, Uni Research og dei andre klyngedeltakarane er allereie etablert, og følgjande tredeling er aktuell som eit utgangspunkt (men ikkje som ei absolutt eller avgrensande ramme) framover:

- UiBs fagmiljø i musikkterapi (knytt til Griegakademiet) vil ha særlege føresetnader for å utvikle kvalitativ, mixed methods, teoriorientert og kunstbasert forskning, og for å ta ei koordinerande rolle i forskningssamarbeidet i kunnskapsklynga.
- Uni Research sitt fagmiljø i musikkterapi (knytt til GAMUT og RKBU i Uni Research Helse) vil ha særlege føresetnader til å utvikle RCTar, metaanalysar og helseøkonomiske studiar, og dessutan spesifikke studiar innan RKBU's ansvarsområde.
- Fagmiljøa i musikkterapi i kommunane og helseføretaka vil ha særlege føresetnader til å undersøkje brukarerfaringar, utvikle praksisnær forskning tilpassa lokal kontekst, osb.

Utdanning: Solide utdanningstilbod, frå grunnutdanning til etter- og vidareutdanning, er ein nøkkel til utvikling av feltet. POLYFON-samarbeidet opnar for at dette utviklingsarbeidet kan gjennomførast i tett dialog med tenestene. Dei komande åra er det relevant å arbeide med:

- Dobling av utdanningskapasiteten ved UiBs femårige integrerte masterprogram i musikkterapi og ei kontinuerleg vurdering av om utdanningskapasiteten samsvarar med behovet i tenestene.
- Kontinuerleg utvikling av innhaldet i det integrerte masterprogrammet, basert på kunnskapsutviklinga i faget og på dialog med tenestene, t.d. med utgangspunkt i innspela frå arbeidsgruppene for dei fem arbeidsfelta i POLYFON
- Utvikling av relevante etter- og vidareutdanningstilbod, ikkje minst innan dei arbeidsfelt der musikkterapi vert inkludert i nasjonale, faglege retningslinjer frå Helsedirektoratet.

Formidling: Kjennskapen til musikkterapi er framleis ujamt fordelt og til dels svak i samfunnet og i tenestene, trass i aukande formidlingsinnsats på området. Varierte media og forteljarteknikkar bør prøvast ut dei næraste åra, der det særleg er viktig å fokusere på at følgjande målgrupper får kjennskap til musikkterapi som fagområde og praksis:

- Ålmenta, inklusivt potensielle brukarar av musikkterapitenester, slik at folk får eit reelt høve til å vurdere om dei ønskjer å velje musikkterapi som eit behandlingstilbod
- Helse-, omsorgs- og barnevernstenestene, slik at leiarar og fagmiljø har høve til å vurdere korleis implementere nasjonale, faglege retningslinjer eller vurdere musikkterapi som innovativ praksis
- Politikarar og myndigheiter, slik at dei har eit grunnlag for å vurdere prioriteringar og satsingar.

Samhandling er relevant for alle dei fem arbeidsfelta skisserte i punktet over, og også for realisering av dei ulike målområda som er skisserte her, der det er særleg relevant å framheve verdien av:

- Lokal samhandling innan tenestene, t.d. mellom spesialisthelsetenester og kommunale tenester, inklusivt samhandling mellom brukarar og tenesteytarar
- Regional samhandling i kunnskapsklynga, slik at komplementære kompetansar kan støtte og utfordre kvarandre med fagutvikling som mål
- Nasjonal og internasjonal samhandling, både fagleg og fagstrategisk, der POLYFONs regionale forankring vil kunne byggje føresetnader for deltaking snarare enn å representere ei avgrensing.

Vedlegg 1: Rekneskapsrapport for POLYFON pr. 31.12.15

Nettverksadm. og drift:	Beskrivelse	Totalt	Budsjett 2015
Adm.koordinator	Løn	439 820	
Totalt adm.koordinering		439 820	439 000
Drift styre og SAB	Møte	6 880	
Totalt drift styre/SAB		6 880	20 000
Seminarutgifter	Gave	6 947	
	Møte	30 165	
	Reise	14 417	
	Undervisning	2 282	
	Boklansering	7 981	
Totalt seminarutgifter		61 792	100 000
Annan drift	Møte	4 453	
	Reise	12 572	
Totalt annan drift		17 025	50 000
Totalt nettverksadm. og drift:		525 517	609 000
Forskning:			
Frikjøp forskn. leder	Løn	1 155 872	
Totalt frikjøp		1 155 872	1 038 000
Prosjektstøtte*	Ghetti I & II	44 548	
	Olaviken	75 000	
	Schmid	28 690	
	Krüger	44 021	
	Studentstipend	84 000	
	Vurdering	4 400	
Totalt prosjektstøtte*		280 659	800 000
Totalt forskning		1 436 531	1 838 000
Totale utgifter pr. 31.12.15		1 962 048	2 447 000

* Merknad vedk. prosjektstøtte: Totalt er det innvilga kr. 334.900 i prosjektstøtte og studentstipend for 2015.

Vedlegg 2: Handlingsplanar 2016 for dei fem arbeidsfelta i POLYFON

Vedlegg 2a: Handlingsplan 2016 for barn og unges oppvekst

For beskriving av faglege retningslinjer og retning for vidare arbeid 2016-2019, sjå kapittel 8 i årsmeldinga.

Målområde	Status per desember 2015	Handlingsplan 2016	Ansvar
Teneste- utvikling	Aleris Ungplan 2,5 st PBU 1 stilling (ny i 2015, permisjon) Barneklubben 1 prosj.st (ny i 2015) Kommunale mt-st. innan kultur/oppl.	Vidareutvikle, særleg på skule Lyse ut ny stilling, samarb. BK Utprøving/dokumentasjon Prosjekt foreldre-barn?	Krüger Kleve Skadberg Krüger
Forskning	Review mt, barn og uro (sommarstip) Vurdering av IMT- instrumentet for MT m barn m autisme (sommarstip) NFR-søknad om MT for premature Start av prosjektet «Musikk- bevegelse-helse» «Mot et selvstendig liv i fellesskap»	Fullføring av PhD-avhandling Vidareutvikling innan Time-A og Shared Moments Ny NFR-søknad i mai Vidare arbeid m prosjektet Vidare arbeid m prosjektet Planlegging forskning foreldre-barn Start PhD-prosjekt PBU	Helle-Valle Gold/Mössler Bieleninik/Ghetti/ Braarud/Gold Halstead/ Rolvjord, Ra Krüger Krüger/Skilbred/ Nordanger Klyve/ Rolvjord, Ra
Utdanning			
Formidling	«Healthy/Unhealthy uses..» 10.aug «Musikk, ungd., deltakelse», 20. okt		
Samhandling	Nasjonalt nettv. for MT og ungdom Nasjonalt k.nettv. MT og barnevern	Vidareutvikling Vidareutvikling	Krüger Krüger

Vedlegg 2b: Handlingsplan 2016 for psykisk helse vaksne

For beskriving av faglege retningslinjer og retning for vidare arbeid 2016-2019, sjå kapittel 8 i årsmeldinga.

Målområde	Status per desember 2015	Handlingsplan 2016	Ansvar
Teneste- utvikling	Björgvin DPS: 1,4 stillingar (0,4 ny 2015) MOT82: 0,5 prosjektstilling (ny 2015) Kronstad DPS: 1 stilling (ny 2015)	Kvalitetsutvikling i eksisterande stillingar Søkje tenesteutvikling/nye DPS-stillingar knytt til pakkeforløp/legemiddelfri beh Søkje prosjektmidlar for utprøving av musikkterapistilling på Sandviken Drøftingar mellom Fjell kommune og Øyane DPS om stilling/stillingssamarbeid Sonderingar med Bergen kommune, evt. også Nord-Hordaland	Tenestene Møgster/Stige Krøken/Løberg/Stige Nesse/Lien/Stige Stige
Forskning	Planlegging kvalitative studiar av MOT 82 Planlegging kvalitative studiar av implementering og brukarerfaringar, Kronstad DPS SFF-søknad DECIMH: Centre for Dev. and Evaluation of Complex Interventions in Mental Health	Gjennomføring forskning, første del Gjennomføring forskning, første del Vidare arbeid dersom prosjektet går vidare til fase 2 Planlegging av følgjeforskning på pakkeforløp/legemiddelfri beh Planlegging forskning på mt,	Tuastad Rolsvjord, Ra Gold Gold
Utdanning	Første etterutdanning for MT arrangert v 2015, finansiert av HD	Vurdere styrking i nye studieplanrevisjonar master Nytt opptak etterutd, pluss vidareutvikling i retning Del 2	Schmid/Ghetti Solli/Stige
Formidling	M.a. nordisk konferanse 4.-5. mai	10 års jubileumskonferanse Film?	Stige Rolsvjord, Ru
Samhandling	Lokalt fagleg nettverk initiert 2015 GAMUTs nasjonale arb. med kurs har gitt betre kontaktnett med brukarorganisasjonar	Vidare arb. med lokalt nettverk Vidare arbeid med dette	Lydvo Solli/Stige

Vedlegg 2c: Handlingsplan 2016 for rus vaksne

For beskriving av faglege retningslinjer og retning for vidare arbeid 2016-2019, sjå kapittel 8 i årsmeldinga.

Målområde	Status per desember 2015	Handlingsplan 2016	Ansvar
Teneste- utvikling	3 MT-stillingar på Hjellestadklinikken	Kvalitetssikring/fagutvikling + arb. med oppfølging og musikkontaktordning Utprøving av MT på Skuteviken? Planarb. Fjell kommune Sonderingar m Helse Bergen og Bergen kommune	Løvaas Irgens/Stige Nesse/Andvik Stige
Forsking	Utvikling og innsending av protokoll for Cochrane-review Start kvalitativt prosjekt på implementering av MT i TSB	Gjennomføre mykje av reviewet Gjennomføring av prosjektet	Ghetti/Jing/ Fachner/Gold Ghetti/Stige
Utdanning	Styrking av undervisninga i masterst. Første etterutdanning for MT arrangert v 2015, finansiert av HD	Vurdere ytterlegare styrking i nye studieplanrevisjonar Nytt opptak, pluss vidareutvikling i retning Del 2	Schmid/ Ghetti Solli/Stige
Formidling	M.a. nordisk konferanse 4.-5. mai	10 års jubileumskonferanse Film?	Stige Rolsvjord, Ru
Samhandling	Nasj. komp.nettverk MT i rusfeltet (etablert 2010)	Blir vidareført	Dale

Vedlegg 2d: Handlingsplan 2016 for eldrehelse

For beskriving av faglege retningslinjer og retning for vidare arbeid 2016-2019, sjå kapittel 8 i årsmeldinga.

Målområde	Status per desember 2015	Handlingsplan 2016	Ansvar
Teneste- utvikling	2 MT-stillingar Bergen komm. 1 MT-stilling Fjell komm 2 MT-stillingar NKS Olaviken		
Forskning	Planlegging "MT angst/depresjon ved mild demens" NFR-søknad MUSING (på implementering av MT i kontekst)	Start av dette prosjektet Start av dette prosjektet, dersom løyving frå NFR	Hynninen Stige/Mekki/ Tveito/Islam.
Utdanning		Vurdere styrking i nye studie-planrevisjonar master Start vidareutdanning I MT og eldrehelse h. 2016	Schmid/ Ghetti Kvamme/ Stige
Formidling	MT og demens, tema på Festspillene 2015	MT og demens, tema på Festspillene 2016	Festspillene/ Stige
Samhandling	Lokalt fagnettverk for MT etbl. 2015	Vidareføre nettverket	Dypvik

Vedlegg 2e: Handlingsplan 2016 for lindrande behandling og omsorg

For beskriving av faglege retningslinjer og retning for vidare arbeid 2016-2019, sjå kapittel 8 i årsmeldinga.

Målområde	Status per desember 2015	Handlingsplan 2016	Ansvar
Teneste- utvikling	20 % MT-st Haraldsplass DK	Planlegging av framtidig ressurs	vonHofacker/ Schmid
Forskning	Start kunnskapsoppsummering	Vidare arb. med dette/eventuelt fullføring	Schmid/ vonHofacker/ Rosland m.fl.
Utdanning		Vurdere styrking i nye studie-planrevisjonar master	Schmid/ Ghetti
Formidling			
Samhandling		Mogeleg å etablere lokalt/regionalt nettverk?	Arbeidsgruppa for feltet